



KYSTVERKET

Hustadvika kommune
Tingplassen 1
6440 Elnesvågen

Dykkar ref	Vår ref	Arkiv nr	Sakshandsamar	Dato
	2021/2566-7		Tormod Hjørungnes Engen	16.09.2024

Fråsegn ved offentlig ettersyn av kommuneplanens arealdel 2025 - 2037 - Hustadvika kommune - Møre og Romsdal fylke

Vi syner til dykkar høyringsbrev datert 11.07.2024 som gjeld ovannemnde planframlegg.

Føremålet med planen

Målet med kommuneplanen sin arealdel er å fastlegge noverande og framtidig arealbruk i eit langsiktig perspektiv. Planen skal gje hovudtrekk, reglar og retningslinjer for utnyttinga, irekna vern, av kommunen sine land- og sjøareal og kva for omsyn som må varetakast gjennom disponering av det samla areal.

Planframlegget som no er lagt ut til høyring gjeld Hustadvika kommune sitt landareal medan kommunen sitt sjøareal er gjenstand for planlegging i eigen interkommunal sjøområdeplan saman med nabokommunen Aukra

Grunnlag og føringar for Kystverket sitt engasjement i planarbeidet

Kystverket er ein nasjonal etat knytt til Nærings- og fiskeridepartementet med fagleg ansvar for kystforvaltning, ferdsle på sjøen og beredskap mot akutt forureining. Kystverket skal gjennom handsaming av planar og tiltak ta vare på føremålet med «lov om havner og farvann.» Føremålet med lova er å fremje sjøtransport som transportform og legge til rette for effektiv, sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn, samstundes med omsyn til eit konkurransedyktig næringsliv og nasjonale forsvars- og beredskapsinteresser.

Kommunen skal i si planlegging legge nasjonale forventningar til grunn. Det går fram av nasjonale forventningar 2023-2027 at «*Det legges til rette for videre utvikling av havner og sjøtransport, og lokalisering og nødvendige arealer vurderes i et regionalt perspektiv. Næringslivet er avhengig av god infrastruktur og effektive logistikknutepunkter, som godsterminaler, farleder for skipstrafikken og havner.*»


På generelt grunnlag viser ein og til vegleiaren «*Planlegging i sjøområdene.*» Vegleiaren viser korleis Kystverket sine interesser vert omsett i arealplanar i sjøområda.

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/planlegging-i-sjoomradene/id2700314/>

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847
E-post: post@kystverket.no
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242
Bankgiro: 7694 05 06766



Kystverket si vurdering av planframlegget

Planen gjeld Hustadvika kommune sitt landareal medan kommunen sitt sjøareal er gjenstand for planlegging i eigen interkommunal sjøområdeplan saman med nabokommunen Aukra. Ut frå Kystverket sitt sektoransvar som i hovudsak gjeld sjøtransporten og sjørelaterte aktivitetar finn vi ikkje at planen er i strid med Kystverket sine sektoromsyn etter hamne- og farvasslova som gjeld sikker og miljøvenleg bruk av hamn og farvatn og har såleis ikkje særskilt å merke til planen anna enn følgjande faglege råd.

Fritak frå plankrav og generelt byggeforbod i strandsona for navigasjonsinnretningar og navigasjonsskilt.

For å halde trygg og sikker ferdsle i farvatnet er fyrlykter, overrettar, stakar, jarnstenger, bøyer m.m. av vesentleg verdi. Hustadvika har 248 slike navigasjonsretningar innanfor si kommunegrense. Kystverket har eit overordna forvaltningsansvar for desse, og for å få det til på ein rask, økonomisk og effektiv måte og til ein kvar tid å oppretthalde tryggleiken på sjøen er etaten avhengig av at nyetablering, fjerning og vedlikehald av navigasjonsinnretningar og navigasjonsskilt vert unnateke plankrav og det generelle byggeforbodet i strandsona, jf. pbl. § 11-11 nr. 1 og 4 og § 1-8,

Vi ber om at dette omsyn vert innarbeidd i føresegnene til planen.

Oppsummering

I det heile synest planframlegget i både arealdisponering og føresegner til å gje ei god og føremålstenleg avveging av bruk og vern av kommunen sitt landareal. For Kystverket er det viktig å sikre trygt og framcomeleg farvatn som eit samfunnsgode og vi syner til vårt sektorinnspel i dette brevet og ber om at det vert teke omsyn til i det vidare arbeid med planen.

Med helsing

Ruben Alseth
avdelingsleiar

Tormod Hjørungnes Engen
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Eksterne kopimottakere:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Fiskeridirektoratet
Statsforvalteren i Møre og Romsdal

Postboks 2500
Postboks 185 Sentrum
Postboks 2520

6404 MOLDE
5804 BERGEN
6404 MOLDE